

Varhaug Misjonshus

Fokus 2009:
"Og størst av dei
er kjærleiken"



NORSK LUTHERSK
MISJONSSAMBAND



Innhold:

Andakt
Ny startkapital
Årsmelding
"Vi over 60"

Sid
Sid
Sid
Sid
Sid



BØEN STORKIOSK

SPILL OG KIOSKVARER

Ta en pause og nyt av vårt
rikholdige tilbud
på små-retter som
Pizza • Biff-snadder
Løvestektallerken

TIPPING



Chicken Nuggets
Kylling m/ tilbehør
Hamburger • Pita • Bakervarer

*Storre bestillinger kan også
leveres etter avtale
Henvendelse til Kine i butikken,
51430099*

Bohus[®]

Velkommen til vår nye butikk på Håland, Bryne
Åpner torsdag 19. mars

SpareBank

SR-BANK



HÅ REGNSKAP OG DATA A/S

HÅ REGNSKAP OG DATA
Daglig leder Rune Odland
Autorisert regnskapsfører
Rådhusgata 2, Boks 104, 4368 Varhaug
Tlf. 91511088 • E-mail: runeo@hrd.no

Murmester

Waldeland & Dubland

Djuphold 3, 4360 Varhaug - Fax. 51 43 12 22
e-mail: waldedub@online.no

Sverre Waldeland - leder Tlf. 992 50 989
Pål Dubland - HMS-leder Tlf. 909 70 269
Oddbjørg Waldeland - kontor Tlf. 980 77 662



- fagkunnskap gir trygghet.



FØREMÅL MED HUSET ER:

ved bruk av dei nådemidlar som er gitt oss i Guds ord å fremja Guds rike heime og ute. Arbeidet er forplikta på Bibelen. Den Norske Kyrkja si vedkjenning og dei retningslinjer som dei fire eigarorganisasjonane arbeider etter. (§2 i lovene for Varhaug Misjonshus)

Meldingsblad for Varhaug Misjonshus 1-2009
21. ÅRGANG

Eigarar

Varhaug Misjonshus er eigd av fire misjonslag. Desse er tilslutta kvar sin hovudorganisasjon:

Norsk Luthersk Misjonssamband

Formann:
Torbjørn Honnemyr
Mob: 414 94 987

Det Norske Misjonsselskap

Formann:
Njål Omland
Tlf: 51431057
Mob: 916 89 177

Normisjon

Formann:
Lars Erling Friestad
Tlf: 51436761

Indremisjonsforbundet

Formann:
Tor Selmer Olsen
Tlf: 51430789
Mob: 470 31 136

<http://www.varhaug-misjonshus.no>

Ånestadvegen 21, 4360 Varhaug.
Tlf: 51 43 08 08
E-mail adresse:
post@varhaug-misjonshus.no

Kontortid: måndag og torsdag kl
1900-2100 (Om sommaren 15/5-15/8
er opningstid 2000-2100)

Frå redaksjonen

"Og størst av dei er kjærleiken" er fokus på Varhaug Misjonshus i 2009. Fellesskapskomiteen som består av Njål Omland, Gordon Bøe, Kristian Lima, Børge Skretting og Magnus Ånestad følgjer opp temaet, på same måte som i fjor. På Varhaug Misjonshus sine nettsider kan du lese meir om temaet.

Bladet vil òg denne gong gje deg som lesar eit lite innblikk i nokre av arrangementa som har vore på huset i det siste, samtidig som vi ser framover mot sommaren. I dette bladet er det særleg sett fokus på "Vi over 60". Første og tredje onsdagen i månaden samlast godt vaksne kvinner og menn til song, tale, mat og fellesskap på Varhaug Misjonshus. Meir om dette midt i bladet.

I dette bladet skal du igjen få lov å vere med ut av landet. Oddmund Vagle har vore i Afrika og besøkt Ungdomslaget sitt tidligare prosjekt i Etiopia. I tillegg har nokre i forsamlinga vore i Israel.

"Gubbekveld" har blitt eit fenomen på Varhaug. Sjur Håland har tatt turen og intervjuar initiativtakar Rolf Auestad. God lesing! Tom Magne Ueland. Minner om årsmøtet for Varhaug Misjonshus torsdag 26. mars 19:00.

Redaksjonen: Sjur Håland, Harald Odland, Einar Mattingsdal og Tom Magne Ueland.

JÆREN OUTREACH – Helgøleiren Sirevåg 20. juni 2009



Konsert med HB (Holy Bible) - Finlands nye, store symfoniske metal band!
Dørene åpner kl. 18:00, festen begynner klokken 19:00.
Oppvarming og sang av SWAP v/ Jan Olav Gabrielsen og vitnesbyrd av Jamie Kidd. HB går på scenen ca 20:30!

Jamie Kidd er en internasjonal evangelist som ønsker å fortelle folk om den fantastiske nyheten om Jesu Kristi evangelium. Arrangører – Varhaug, Vigrestad, Nærbø, Ognå/Brusand/ Sirevåg ungdomslag, Søndagssamling, Fokus Kverneland og Saron G1. Pris: 150,- i cover ved forhåndsbestilling eller 200,- i dørå! Bestillinger kan sendes på e-post: brigt@skrettingland.no eller ringes inn på tlf. 970 01 859
Nysgjerrig? Søk på facebook for meir informasjon: HB - Helgøleiren



butikken

– mer enn du tror!

Felleskjøpet Varhaug AS, Mølleveien 4, 4360 Varhaug
Tlf. 51 77 14 70

Åpningstid: Man. - fre. 8-17, lør. 9-14

MÆLAND RØR AS

Tlf.: 51 43 73 01, 4362 Vigrestad



Comfort

BAD - VANN - VARME

coop

Varhaug ba

Tlf. 51 79 94 40

BYGG **MIX**

coop
mega

KJÆRNEBORING



BETONGSAGING



EGIL HÅLAND 4360 VARHAUG • Tlf. 51 43 04 94 •
Mobil 416 99 617 / 944 07 800 • www.Toppaland.com

Me treng TOMTER

Ta kontakt for en uforpliktende vurdering
av muligheter og pris

NORGESHUS

Varhaug



BYGGMESTER
**Jon Harald
Håland a.s**



Varhaug, tlf. 51 43 07 70 • jonharald@norgeshus.no

- fagkunnskap gir trygghet

EL-TEAM

Elektroentreprenør

Tlf. 51 48 67 40 - Fax. 51 48 67 41

Mobil: 98298488

HAUCK

PORTSERVICE AS

A: Varhaug - Opstavn. 623 - N: www.hauck.no
T: +47 51 43 05 66 - F: +47 51 43 13 55

SKAL DU GRAVE?

KONTAKT

ERLING AUESTAD

MASKINENTREPENØR
VARHAUG

Alt innen graving

Tlf. 51430878

Mobil. 97197815



Andakt - Snø og sand

Også denne vinteren har vi fått lag med rein, kvit snø som har dekt markene på Jæren. Ikkje berre er snøen kvit og fin, han dekkjer også søle og skit, spisse snublesteinar og ugras. Når ein ser ut over ei skinande blank snøflate som speglar seg i sola, er det mest så ein vert roleg og vél til sinns av slikt.

Ein mann gjekk langsmed sjøkanten på ei av dei nydelege jærstrendene. Endelaus og flott, der hav og himmel møtast saman med ufattelege mengder sand. Mannen sette seg ned på huk, tok ein neve fin sand og tenkte med seg sjølv medan han la haugen ved vatnkanten: "i denne handa held eg ei mengd sandkorn eg ikkje kan telja. Tenk om det var slik at eitt av dei sandkorna representerar syndane mine for dagen idag, syndar og ugjerningar i tankar, ord og handling". Brått kom ei lita bølge og skylte haugen bort. Det stod ikkje i hans makt å samla sandkorna opp att slik dei var, dei var dregne ut i sjøen og nærast vorte usynlege der i djupet.

Kva er dette for noko? Snø og sand? Bibelen talar om dei både – ikkje samstundes, men tydinga er på sett og vis den same. "Om dykkar synder er som purpur, skal dei verta kvite som snø" (Jes. 1:18). "Kor dyrebare dine tankar er for meg, Gud! Kor veldig er summen av dei! Vil eg telja dei, er dei fleire enn sand" (salme 139:17-18). "Kven er ein Gud som du, ein Gud som tek bort misgjerning (..) han skal igjen forbarme seg over oss og kaste alle syndene i havets djup" (Mika 7:18-19).



Foto: Tone Rasmussen

Ja, kva er dette så bilete på? Eigentleg fleire nyan- sar om Gud sin godleik, både at omsorgen for oss er så uendeleg at det knapt kan teljast, og at Gud si nåde til oss menneske nærast får eit fritt og uendeleg løp: kvit, rein og vaska bort. Korleis går det til at det vert slik? Jo, Gud sjølv gjer ikkje med oss etter det gale vi har gjort. Han sendte son sin Jesus, for at kvar den som trur på han ikkje skal gå fortapt, men arva evig liv (Johs 3:16). Så høgt elska altså Gud verda at han *gav* son sin.

Heile Bibelen har eigentleg dette einaste budskap som leide-tråd: den planen Gud har for at men- nesket skal verta frelst. Du og eg. "Mitt blod vert utgytt til forlating for syndene", seier Jesus. Mine og dine purpur-raude syndar vert kvite som snø. Alle våre "sandkorn-synder" vert vaska ut i ha- vets djup og dei er ikkje mogleg å finna att. Slik er Guds nåde. Tek du nåden imot som nåde, får du straks tilgjeving. Full tilgjeving! Du får del i Gud sin store kjærleik som tilgjev alt, som ikkje kjen- ner noko grense og som aldri tek slutt.

"Kvar den som trur på han skal ha evig liv" (Johs. 3:15).

Tor Selmer Olsen

TIME  **SPAREBANK**
- for Jæren

Tlf: 51 77 91 00

www.time-sparebank.no



Forretningsmann og grunder. Finansavisen høyrer framleis til avisporteføljen til Rolf Auestad. Men avisa har fått selskap med Dagen Magazinet og Norge i Dag. Rolf er sterkt engasjert i Israel, og han har klare meiningar i verdidebattane her til lands.

*Forretningsmann,
varhaugbu, familiefar
og pensjonist Rolf
Auestad har anna
å gjere enn å sjå
mørkt på framtida.
Han har gjort
sitt livs viktigaste
investering. Rolf er
fødd på nytt.*

Rotekte varhaugsbu?
Ja, men det betyr ikkje at Rolf Auestad har budd på Varhaug heile livet. I 1939 flytte treåringen Rolf saman med resten av familien til Karmøy. Etter gode barneår der flytte dei attende til Varhaug i 1947 kor far, Anton, etablerte og dreiv matbutikken "Auesten".

Rolf er kjent som ein tøff og konservativ forretningsmann. Han er ein grunder som opp gjennom åra har starta fleire verksemdar. Trelast og byggevarer har vore spesialiteten. I 1995 starta han på siste prosjektet. Saman med ein gjeng kapitalinnskyttarar, vart Partner Tre danna. Ei verksemd som var liv laga, og som i fjor hadde ein omsetnad på mellom 3 og 400 millionar kroner. Og noko av det siste han var med på før han lukka kontordøra etter seg, var å kjøpe opp Hå Bygg sine avdelingar på Varhaug og Nærbø. Desse verksemdene hadde han i si tid vore med på å starte opp.

Travelt liv

No har Rolf rukke å bli ein vaksen mann på 73. Han er far til 5, og han og Asta har fått 16 barnebarn.

- Det har vore spennande aktive år med både oppturar og nedturar. Og med mykje stress i kjølvatnet, summerer Rolf medan han plasserer to rause krus med kaffi på bordet

mellom oss. – Eg avslutta jobben for godt den dagen eg vart 70 år. Det var i 2006. Pensjonisttilværet var ikkje noko eg såg fram til med særleg stor entusiasme. Ingen spesielle hobbyar, og alt for lita tid opp gjennom åra til å pleie omgang med vener, gjorde at eg var usikker på korleis eg ville handtere åra som låg framføre meg, fortel Rolf.

Ny start

Om ikkje Rolf såg for seg ei særleg spanande framtid, var det truleg ei guddommeleg makt som hadde planar om å nytte den ledige tida til pensjonisten. - Asta og eg var på tur til Israel påsken for to år sidan, fortel han. Det vart eit gedigent vegskilje for Rolf. Han kom i kontakt med den Internasjonale Kristne Ambassaden i Jerusalem og Arvid Bentsen.

I etterkant av denne turen, sat han ein sein kveld oppe og lytta til ein av CD-platene med Bentsen sine foredrag om Israel si historie og Bibelen sine tekstar.

- Plutseleg gjekk det opp for meg at det som Jesus gjorde var for meg. Alt vart med eitt snudd på hovudet. Eg vart fullstendig "beitt i frå", og fekk starte på nytt. Den einaste reddande startkapitalen var gratis. Eg fekk ein ny fødsel i Jesus, forklarar Rolf. - Den frelsande trua, vart trua på Jesus åleine.

kapital

Gubbekveldar

Rolf har i det siste arrangert tre såkalla Gubbekveldar. Venar, kjente og tidlegare forretningsforbindelsar har blitt invitert. Og dei har møtt fram. Oppskrifta har vore den same. Israel er tema. Vidare består programmet av god kaffi, wienerbrød og ein solid andakt. Åstaden for samlingane har skifta. Første gongen var dei heime hjå Rolf og Asta. Så var det loftet på lageret i AH-Bygg, før han no i februar inviterte til gubbekveld på Holmavatn med 140 gode gubbar til stades.

Sjolv har han for lengst funne misjonshuset som sin naturlege base. Det er eit miljø som han ikkje er fullstendig ukjent med. Banda til Misjonssambandet er knytt til ungdomsår på Fjellhaug og Drottningborg. Og Asta har vore trugen på misjonshuset alle desse åra. Rolf seier det på sin måte: - Ho har halde familien i orden, smilar han.

Trygg på framtida

For eitt år sidan fekk Rolf diagnosen kreft med spreing. – Det var ei lukka at eg var omvend på det tidspunktet. Trua er ein styrke. Eg er trygg på framtida, og budd på at tida som eg har att kan vere kort. Så langt er eg smertefri og har det svært bra, avsluttar Rolf Auestad.

Sjur Håland





AH Bygg Auestad & Håland AS
Møllev. 12, 4360 Varhaug
Tlf.: 51798579

Elektrofag Jæren

Autorisert elektroentreprenør

Industrigt. 2 - 4362 Vigrestad
Vakttelefon 932 05 614



Norges ledende farge- og interiørkjede

Fargerike Halvorsen
Varhaug - tlf. 51 43 61 00



Dublandveien 35A
4360 VARHAUG

Tlf.: 51435900
Fax.: 51434369

Epost: post@vph.no
www.vph.no

JÆRBU

GJØDSELPUMPE

Ole G

Nord-Varhaug & Co a.s
Hatleveien 4, 4360 Varhaug
Telefon 51 79 35 50 www.jaerbu.no



Alt i oppmerking av parkeringsplasser

Toppaveien 7
4360 Varhaug
Telefon: 51430937
Fax: 51433364
Mobil: 90889556

Tid for rehabilitering?

I 15 år har vi drevet med rehabilitering og nybygg.
Ta kontakt og be om pristilbud.

Tlf. 51438006
E-post. post@bm-sl.no

NORGESHUS



Skrettingland
& Lobekk as

Fra styret

I fjor hadde vi for første gang et felles tema for året. Ideen er at du i løpet av året skal få høre litt mer om årets tema enn det du ellers ville gjort. I tillegg er det uten tvil et mål at det skal føre til noen endringer i måten vi lever på. For fjoråret var temaet "Bønn for alle". Fjorårets tema har kanskje hjulpet deg å både ta deg mer tid og se resultatene av bønn. Uansett er det all grunn til å fortsette å be.

I år er det kjærligheten som skal få litt ekstra oppmerksomhet. Temaet er "Og størst av dei er kjærleiken". På en samling der temaet ble presentert var det en som uttalte at det skal godt gjøres av en taler å unngå dette temaet. Den største kjærligheten er jo at Gud sendte sin sønn for å frelse alle mennesker. I tillegg blir det også fokus på kjærligheten mellom mennesker.

Nestekjærligheten er vel et godt eksempel på dette. Bry deg litt ekstra om naboer, kolleger og andre du treffer i hverdagen.

Økonomien på misjonshuset må kunne sies å være god for tida. Gjelda på nybygget er nesten helt nedbetalt, og det er stor sjanse for at den er borte før sommeren. Dette skyldes i stor grad at vi har blitt tildelt en million i tippemidler. Det meste er på konto og de siste prosentene kommer. Styret vil takke alle som har bidratt til å få dette i havn. Det har vært stor innsats på dugnad og med gaver. Den offentlige støtten har også vært betydelig. Hå kommune har bidratt med over en million. Alt dette er vi veldig takknemlige for.

Toralf Liene

Regnskap for Varhaug Misjonshus

Inntekter	2008	2007
Husleie	136 151,00	141 327,00
5% av inntekt	56 603,00	56 390,00
Kommunale tilskot	46 957,00	245 300,00
Arealtilskot	0,00	554 565,00
Givertjeneste	312 130,00	315 336,00
Gaver og loddsagl	171 171,00	124 979,00
Andre inntekter	165 375,00	60 187,00
Sum inntekter	888 387,00	1 498 084,00

Utgifter	2008	2007
Strøm	108 612,00	99 334,00
Bygg, vedlikehold	35 451,00	55 889,00
Renter	96 978,00	121 898,00
Andre utgifter	136 063,00	126 777,13
Sum utgifter	377 104,00	403 899,00

Resultat før avdrag på lån	511 283,00	1 094 185,00
Avdrag på lån	550 000,00	1 100 000,00
Resultat etter avdrag på lån	-38 717,00	-5 815,00

Vår utfordring og kall:

- å la oppdraget (Matt. 28. 18-20) vera bestemmande for haldning og handling!

Og Jesus steig fram , tala til dei og sa: Eg har fått all makt i himmelen og på jorda!
Gå difor ut og gjer alle folkeslag til læresveinar, me di de døyper dei til namnet åt Faderen og Sonen og Den Heilage Ande, og lærer dei til å halda alt det som eg har bode dykk. Og sjå, eg er med dykk alle dagar så lenge verda står!

BYGGMESTER
O d d m u n d
VAGLE



Tlf 47 63 62 02

Ånestadvegen 292 - 4360 Varhaug



Nærbø Rør og Elektro

ALT INNEN
VVS OG
ELEKTRISKE
INSTALLASJONER

Installasjon tlf. 51 79 11 20

VAKTTELEFON ELEKTRO:
977 67 070

ahlsell
Bodemiljø

Rør tlf. 51 79 11 25

VAKTTELEFON RØR:
930 19 400

HUS • TILBYGG • REPARASJONER

Be om pristilbud på arbeid og materialer



Erik Håland Maskin A/S

Telefon 51 43 12 99 • Telefax 51 43 10 85

Mobil 970 55 500

BYGGERIET 
HåBygg

Opstadvegen 639 - Varhaug
Tlf. 51 43 11 55 - Fax. 51 43 10 87



Bilder fra misjonshusbasaren i 2008

Årsmelding 2008

ÅRSMELDING 2008
48. driftsår

Som tidligere år har huset også i 2008 blitt flittig brukt

Misjonshusstyret har i 2008 hatt 7 styremøter og har hatt 61 saker til behandling. Også i år har styret hatt dugnad med vask og tilsyn på Misjonshuset, samt kontorvakt hver mandag og torsdag kl. 19 - 21, fra 15. mai til 15. august 1 time, kl 20-21. Hvert styremedlem har ansvar for ei hel uke om gangen. Oversikt over hvilken uke de enkelte har ansvar og telefonnummer er satt inn i misjonshusbladet, og på oppslag ved inngangsdør. På oppslagstavler henger også oversikt over registrerte møter og arrangementer og hvilke faste arrangementer som pågår.

Dette året har det også vært tre uker med teltmøter på Misjonshusets parkeringsplass. Motene har vært eksternt arrangert med eierorganisasjonene representert. Det var en justering av utleieprisene våren 2008. Denne innførte et skille i prisene mellom eierorganisasjonene og andre organisasjoner.

Styret har også dette året stått for renhold av møtelføyen og kvinneforeningene, ungdomslaget, speideren og guttelagene stått for renhold av matsalsføyen, og med dette vil vi si takk for god innsats til dere som har deltatt og fortsatt vil delta i slikt arbeid

Vi gav også i 2008 ut meldingsbladet for Varhaug Misjonshus 2 ganger, vår og høst. Også dette året er arbeidet som foregår på misjonshuset presentert på en fin måte. Redaktør har vært Tom Magne Ueland.



Misjonshuset har også dette året presentert aktuelt stoff i bladet Varhaugbuen.

Misjonshusbasaren: Også dette året var styret og varamedlemmer ute

på bygda og solgte lodd. Resultatet ble rundt 110000 netto, noe vi er svært glad for.

Styret er svært glad også for den støtte Hå kommune gjennom kontaktutvalget for bygg og anlegg yter til bl.a. Misjonshuset. Kommunal bevilging med støtte til drift, vedlikehold og utstyr utgjorde 47000.

Vi fikk dette året melding om utbetaling av en million i tippemidler. Dette blir utbetalt tidlig i 2009. Vi betalte ned 550 000 på lånet, og det gjenstår 1,15 mill. Lånebelastningen kunne vært lavere, men når tippemidlene kommer inn vil situasjonen være veldig god. Det har vært flere såkalte 20000-kvelder i løpet av året. Disse har bidratt med rundt 80000 til sammen.

Styret for Varhaug Misjonshus ved utgangen av 2008 var:

Toralf Liene (formann), Per-Arvid Jakobsen (nestformann), Borgny Skretting (sekretær)

Gunhild Lobekk, Peter Vagle, Kjell Tjemsland, Sindre Varhaug, Trygve Auestad og Thomas Vagle (styremedlemmer). Glenn Skretting har vært kasserer.

Glimt fra misjonshusbasaren



Stiopia-tur

januar 2009



Solnedgangen i Awasa, midt i bildet ein marabo.

Etter mange års kontakt med flere av lederne for WSG (Win Souls for God) eller oversatt til norsk; Vinn Sjeler for Gud, fekk eg endelig anledning til å reise og se på prosjektet. Dette er eit prosjekt som har vedvart i 7 år i regi av Ungdomslagets prosjektgruppe.

Litt kort om WSG:

En gruppe etiopiske ungdommer starta dette arbeidet i det små ved å dele det lille ekstra dei hadde til gatefolk. På denne måten forkynde dei budskapet om Jesus til dei som bur på gata i Addis Abeba. Hadde dei to bukser gav dei vekk den eine.... I dag ved hjelp av utanlandske pengar driv dei eit stort arbeid med skule for 600 elevar, daglig bibel- og sosialundervisning for gate folk. For å lese meir om dette arbeidet kan de gå inn på støttegruppas nettside; [\[norge.org\]\(http://norge.org\), eller på deira eiga side \[wsg-street.org\]\(http://wsg-street.org\) som er på engelsk.](http://wsg-</p></div><div data-bbox=)

Litt om turen

I løpet av tolv dagar fekk me vere med og sjå på det arbeidet WSG driv i Addis Abeba, og me hadde ein tur nedover i sør-etiopia. Her fekk me sjå kva norsk misjon- og bistandsarbeid har betydd for desse menneska gjennom seksti år. Me vitja eit sjukehus i Yrgalem som tidligare vert driven av NLM. Me overnatta på NLM Resort som ligger ved Awasa sjøen, det var ein flott plass der me fekk sjå både hyenar og apekattar samt ei mengd andre dyr og fuglar. Flodhesten høyrtest som eit grovt brøl i nåttå. Me vitja og fleire lokale kyrkjer og menigheter, samt Tabor skule, der med fekk litt tid med rektoren sjølv om det eigentlig var juleferie. Kvar dag var full av



Ei av jentene som går på skulen

inntrykk og hendingar, sjølv om ikkje alt gjekk heilt som planlagt, det er trass alt Afrika... Været var upåklageleg, ca 25 grader i Addis eller 35 grader i Awasa, som ligg 4 timer sør for Addis. Å være redd for at me ikkje skulle ha fint vær var ikkje nødvendig, det hadde ikkje regna sidan september og skulle ikkje regne for i mai månad. Folket var som været; varmt og gjestmildt. Til

Til høgre: 6 av dei tidligare prostituerte jentene som har fått eit nytt liv som sydamer

Under: Ledaren for WSG og ei av jentene som er så heldig å få gå på skule



dømes på tilbaketuren frå sør i landet stoppa me for ein kort beinstrekk i ein varm minibuss. Da dukka familiens overhovud opp i opninga av ei lita rund strå og jordhytte og ynskja oss velkommen inn for både prat og mat. Eller til ein gjeng med ungar som me trefte i ein fattig bydel. Mange hadde dårlege og skitne klede, samt mangla sko. Men smilet hadde dei, og så krye av at dei kunne litt engelsk, eller kunne fortelje at favoritt klubben deira var Arsenal, eller Man-U. Mange av desse drog eg kjensel på seinare når me vitja skulen som WSG driv i denne bydelen. Dei som var heldige nok til å få plass her, har ein fadder i Noreg som betaler for skuleuniform, eit måltid mat og litt undervisningsmateriell.

Noko som gjorde veldig sterkt inntrykk var å få bli invitert på julemiddag (1. juledag i Etiopia er 7 Januar) hjå seks tidligare prostituerte jenter som hadde levd eit hardt liv på gata, men som nå tener til livets opphald ved å sy og brodere. Medan me var der nede fekk me oppleve flyttinga av 30 gutar og 20 jenter som hadde levd som "slavar". Desse fekk ein ny heim, og ein heilt ny start på livet ved hjelp av prosjektet til WSG. Desse skal nå veve og sy/ brodere for seg sjølv i sine to nye bustader i kyndig leing av WSG sine folk. Dei fleste av disse gutane hadde arbeidd hardt ved veven sin 16 timer om dagen, og til gjengjeld fekk dei litt mat og lov til å sove under veven om natta. Mange av jentene hadde vore vedberarar som

hugga og bar greiner til sine arbeidsgivarar for mat og to kroner på sundagar. Børne deira var på ca 40-50 kilo, og dei gjekk opp fjellet i fem tida om morgonen og ned med bora om ettermiddagen. Addis ligger på 2500 meter over havet, mens veden blei henta 15 km og 700 høgdemeter lengre oppe. Så då kan ein tenkje seg kor slitsamt dette arbeidet må vere. Dei aller fleste av disse borna vert selde av foreldra sine til agentar, som igjen sel dei til ein arbeidsgjevar i Addis Abeba. Foreldra til desse barna har som oftast fleire born en dei klarer ta hand om, og har til slutt ikkje økonomi til å behalda alle borna.

Det har vore flott å få sjå på nært hald korleis WSG driv arbeidet sitt og kor viktig deira arbeid er for dei svakaste i Addis Abeba. At desse ungdommane tok Jesu ord og befaling på alvor og viste kristendom i praksis har fått stor verknad for mange menneske. Ca 15 000 er redda frå eit liv på gata gjennom WSG sitt arbeid. Dette har gjort stort inntrykk og vore til inspirasjon for meg.

**Afrika turisten
Oddmund Vagle**

"Vi over 60"

Om lag 40 forventningsfulle og godt vaksne kvinner og menn sit samla rundt tre langbord i matsalen. Det er onsdag 21. januar og klart for første samling for "Vi over 60" i 2009.

Holger Kjølvik tek trekkspelreimane over skuldrene, og snart lyder allsongen ut over matsalen. Songen har ein sentral plass i alle samkomene. Det er helst songar frå eiga skuletid som blir brukt. *Himmelske Fader, Gud signe vårt dyre fedreland og Med Jesus vil eg fara* gjev god klang og vekker minner.

Håkon Hobberstad, lærar med røter frå Varhaug, er komen for å ha ord for dagen. "Tankar rundt eit nytt år". Han trekkjer fram både det positive og samtidig det alvorlege ved det nye året. "Kan speilet tale?" (Obstfelder) Vi må ikkje gripa maska som ligg ved sida av spegelen og trekkja den for andletet så vi løyner oss bak den. Korkje for alder eller gjerning.

Etterpå er det mat. Den er viktig, kanskje mest for det sosiale aspekt ved arrangementet. Smørbrød og kaffi med fløte går ned. Drøset går livleg rundt bordet.

Og så er det utlodding. Loddsalet er ein måte å dekkja utgiftene på. 200 årer til 10 kroner stykket går unna på ein blunk. Trekninga som fylgjer har, om det ikkje er dei store, ei rad med ulike gevinstar.

Etter talen blir det vist lysbilete. Vakre bilete med vakkert tonefylgje. Hardangervidda og Rallarvegen.

Så er det heile slutt. Men deltakarane synest ikkje ha noko hast med å koma heim. Det har vore ei triveleg stund, og det er mange ein skulle hadde eit ord med. 14. dagar til neste gong er lenge.

EIK SENTERET

Vi er der når du trenger oss

Varhaug, Oppstadveien 651. Tlf: 51 79 94 80 • Tlf 982 17 798



Maskinstasjon:

- Skurtresking
- Traktor og dumper



POTTINGER

Orkel Direkte

Verksted:

- Salg av landbruksutstyr
- Salg av landbruksdekk/felger
- Reparasjon av landbruksdekk
- Service og reparasjon av traktor og landbruksutstyr



JG MASKIN

Jan Gunnar Undheim
Varhaugsv.89 - 4360 VARHAUG
Tlf. 51 43 95 08 -
Mob. 95 82 84 10 / 97 72 99 58



Else Ekeland, ei av dei som trufast støttar opp om "Vi over 60"

Eit lite intervju med Else Ekeland

Else Ekeland er ei av dei som trufast møter opp på arrangementa.

- Me må ha kontakt med andre, og her treffer eg varhaugsbuar som eg kjenner, seier ho.

Ho er ikkje så ofte på Misjonshuset elles, men onsdagssamlingane må ho ha med seg.

- Det er forebyggjande helsearbeid det dei driv med. Ingenting er verre enn om dei gamle sit einsame for seg sjølv. Dei blir triste, får ikkje sova. Me må få treffa andre. Å snakka over ein kaffikopp er viktig.

Ho fortel vidare at dei som ikkje sjølv køyrer, er flinke til å skaffa seg skyss. Samtidig understrekar ho at det er viktig at dei eldre sjølv tek initiativ.

- Det er viktig at me fylgjer med og treffer andre som me kan snakka med. Elles forfell me. Å ha ein kritisk sans på utviklinga i samfunnet er viktig. Kvifor er det ikkje fleire som reagerer på det som er i ferd med å skje?

Ho er forundra over alt som er i endring. Storting og regjering har gått alt for langt.

- Ungane skal ikkje eingong læra å syngja for maten. Kva er det som skjer? Søndagsskulen er viktig.



God mat er viktig. Her serverer Else Rage kake til Trygve Aarsland.

Når ho blir spurd om kva ho sjølv set mest pris på i samlingane, trekkjer ho fram fleire ting. Ofte er det med misjonærar eller andre som har vore ute og reist. Reiseskildringar set ho pris på. Det er kjekt å få høyra og i mange tilfelle også sjå korleis andre har det.

Eldretreff



Harald Skretting som var med og starta opp eldretreffa.

Dei første eldretreffa slik vi kjenner dei i dag vart starta opp rundt 1980. Ryfylke og Jæren indremisjon kom i gang etter at det var ytra ynskje om dette under eit Årsmøte. Harald Skretting saman med Lars Reiestad, Kornelius Varhaug og Olav Varhaug tok på seg oppdraget med å arrangera eldretreffa. "Me vart etter kvart

ein svært samansveist gjeng", fortel Harald Skretting. Dei hadde òg god støtte i Jenny Skaar og Asbjørn Stueland med musikk til songen. Han kan heller ikkje få fulltakka dei som stod på med mat på kjøkkenet år ut og år inn. Den første tida hadde dei møte ein gong i månaden på eldresenteret. Seinare vart dette utvida til to gonger i månaden og tilstellingane vart flytta til Misjonshuset. Mykje arbeid fall på leiaren som skulle skaffa både talar og passa på at lokale var i orden.

Frå tida som leiar har Harald Skretting mange minne. Det var gilde år og han hugsar mange kjende talarar som var med. Kanskje møte med statsminister Lars Korvald og påtroppande statsminister Kjell Magne Bondevik står øvst på minnelista.

Ei stund var det eit nært samarbeid med Vigrestad og "Trimgruppa" der. "Kjell Lund var sabla goe te ha med å gjera". Særleg når det skulle arrangerast turar var det greitt å ha samarbeid. Ofte var det to turar i året. Ein om våren og ein når dei starta opp om hausten. "Nokre gonger hadde me problem med å få med folk heim att, dei ville gjerne sjå

JÆREN AUTO AS

BILUTLEIE - BILSALG - BILVERKSTED



TLF.: 51 43 04 22 - VARHAUG

Jæren Gulv AS

TEPPER - GULVBELEGG - PARKETT

Lerbrekk – 4360 Varhaug – Tlf. 91 68 89 22 – Fax
51 43 03 98 – E-post: tjensvoll@c2i.net

Jærentreprenør

Opstadveien 643
Postboks 54 – 4368
VARHAUG
Tlf.: 51798700
Fax: 51798710
post@jerentreprenor.no
Org. nr.: 934279980
www.jerentreprenor.no


KAY'S BETONGSAGING

- Kjerneboring NÆRBØ
- Meisling Tlf. 908 37 365
- Minigraver

Holger Kjølvik Varhaug Begravelsebyrå

Står til teneste ved gravferder, minne-
samvær og val av gravminne.

Eg samarbeidar med:



Krogedal
Begravelsebyrå
døgnvakt
tlf. 51 43 02 09



Lars Gaute Sport A/S

4360 VARHAUG
Telefon: 51432880
Telefax: 51432881

Rogaland Bildeler a/s



www.rogalandbildeler.no

Bilopphugging og stort delelager.

Ytre Torvhusv., 4370 EGRSUND

TLF: 51 49 49 50

FAKS: 51 49 49 60

rogbil@hesbynett.no

Du ringer oss så henter vi ditt bilvrak!



Snart utseld. Karsten Ueland står for årsalg.

meir". Turane hadde to føremål. Turen i seg sjølv var ei oppleving og i tillegg var den med på å sikra kommunalt tilskot.

Men 20 arrangement i året var ganske stritt, og etter 15 år bad han difor om avløyning.

"Vi over 60."

Andre organisasjonar vart no trekte med, og i dag er det 4 ulike lag med 5 i kvart, som står for arrangementa.

Tilstellingane skifta også namn frå "Eldretreff" til "Vi over 60".

Dette fordi mange følte at dei var for unge til å gå sjølv om det ikkje var snakk om aldersgrupper i det heile teke.

Med namneendringa ville ein nå ei breiare gruppe. "Men det har nok ikkje blitt den endringa som var venta", seier Magnar Skretting. Han har til no vore med i 12 år og drive laget. Dei fleste som kjem har passert 70. Det kunne vore langt fleire yngre eldre.

Møta er første og tredje onsdagen i månaden. Samlinga tek til klokka 14.00 og skal vera ferdig seinast kl 16.00. Det siste fordi det er nokre som er avhengige av å bli henta.

"Me pleier vera mellom 40 og 50 stykke, men på det meste



Ei god forsamling å tala til. Fråvenstre ser me Odd og Leikny Aanestad, Magnar Skretting og Harald Håland.



God drøs rundt matbordet.

har me vore oppe i 60. Mange er svært trufaste. Dei ser ut til å trivast. Dei fleste kjem seg nok til Misjonshuset for eiga hjelp, men det er og nokre som er flinke til å ta andre med."

Møta har til vanleg ei todeling. Kvar gruppe står fritt i høve til å skaffa talar og underhaldning. Men elles fylgjer dei fleste arrangementa same mal. Song, tale, mat utlodding og ei økt med lettare program.

For å få tilskot ynskjer kommunen at det skal vera eit kulturelt innslag i samkomene. Ofte er det same personen som bidreg både før og etter matpausen. Alt frå "laust og fast" til diktlesing, lysbilete og nytt frå utanlandsturar kan då stå på plakaten.

Med det kommunale tilskotet, 12.000 i året og utloddinga er arrangementa sjølvfinansierte. Inntektene dekkjer utgifter til mat og gevinstar. Det kommunale tilskotet er og med på å dekkja utgiftene til eldrefesten som blir arrangert ein av dei siste søndagane for jul.

Matkomitéen har og ein svært sentral plass. Den består av tolv stykke fordelt på 4 lag. Dei lagar smørbrød på alle onsdagssamlingane, og dei syter for at det er litt søtmat i tillegg.

For tida er det Lars Jan Nord-Varhaug som er leiar i styringsgruppa.

Einar Mattingsdal

Maria Aareskjold Tegneservice

Tlf. 51 43 05 59
Fax, 51 43 70 05
Mobil. 911 04 662
E-post: amaria@online.no
Postboks 110, 4368 VARHAUG

Nybygg - Tilbygg - Rehabilitering



Dame- og herrefrisør - Solarium



Ånestadveien 13,
4360 Varhaug

51 43 11 02

Er du fornøyd - er vi
fornøyd

SENTRUMSALONGEN

GET INSPIRED. BE PART OF IT.

REDKEN

REDKEN
5TH AVENUE NYC

BETONGELEMENTER

til driftsbygninger, redskapshus, grunnmurer, yrkesbygg m.m



HÅ ELEMENT A/S

Postboks 71 - 4368 Varhaug - Tlf. 51 79 86 90 • Telefax 51 79 86 91



RØRLEGGER TEAM AS

Opstadv.621 - 4360 Varhaug
Tlf. 51798310 - Faks. 51798311
E- Mail Firmapost@rorlegger-team.no

R. SKRETTING A/S

KJØTTFORRETNING
DELIKATESSE
SELSKAPSMAT
4360 Varhaug Tlf. 51 43 02 16



SI.BYGG A/S



SKRETTING & INGEBRETHSEN

Ånestadvn. 14, 4360 Varhaug
Tlf. 51 79 18 80 • www.sibbygg.no



4356 Kverneland
Tlf. 992 06 601 / 992 06 602

Prisar for leige av Varhaug Misjonshus

org.nr. 974 923 319

	Kristelige arrangement		Annen bruk	
Innbetalingsgiro blir utlevert på misjons- huset Knt. 3335 11 24011	Eier- organisa- sjonene	Andre	Selskap, gravferd, o.l	Fagmøte, handels- laget o.l
Møtesal	250	350	600	1000
Anretningskjøkken 2)	250	350	500	600
Matsal 1)	200	300	600	800
Kjøkken 2)	150	350	600	800
Ungdomssal	250	350	600	1000
Tekjøkken (2.etg)	50	100	150	150
Bønnerom (2.etg) 3)	50	100	100	100
Foreningsrom 4)	50	100	100	100
Kjellerrom	50	100	100	100

Priser for spesielle arrangement:

Konfirmasjon/ bryllup: *	3000	Kjøkken, matsal, ungdomssal
Konfirmasjon/ bryllup: *	2000	Anr.kjøkken, møtesal

Andre selskap med matsal og ungdomssal lørdag: pris som for bryllup

*) Leie inkluderer hele dagen pluss kvelden før til pynting.

Depositum ved bestilling kr 1000

Åpent hus benytter ungdomssalen fredag kveld.

Denne kan derfor kun benyttes lørdag.

	Eierorg.	Andre
Møteuke uten fest	800	1100
Møteuke med fest	1100	1600
Julemesse o.l (fredag, lørdag og tillaging torsdag)	1500	
Nyttårsfest, hele huset	2500	(Ungd. laget)
Stortings- og kommunevalg	3000	per dag
Annen bruk av huset	Etter avtale	

Leie av utstyr

Duker (lin)	100	pr.stk.
Duker (teflon)	80	pr.stk.
Duker (velour)	40	pr.stk.
Bord (gamle trebord)	40	pr.stk.
Stoler (gamle, sete av tre)	10	pr.stk.
Servering ved bryllup o.a.	120	per time

I tillegg til leie av huset kommer 5% av all omsetning.

Inngangspenger er unntatt.

Høyeste beløp som skal betales som 5% for ett arrangement er kr 6000

Varhaug, 10.mars 2008: Styret for Varhaug Misjonshus

- 1) Servering skal så langt det er mulig skje i matsale
- 2) Ved kun koking av kaffe ingen oppvask: kr 50
- 3) Gratis for bønnemøter
- 4) Gratis for styremøter og annen planlegging for eierorganisasjonene og tilknyttede foreninger

Bruk av Varhaug Misjonshus de siste årene

Betalt leie	Antall arrangement:				Medlemmer:			
	2005	2006	2007	2008	2005	2006	2007	2008
Møter/fester	148)a	147)b	132)c	139)d				
Basarer	11	11	12	11				
Begravelser	4	4	8	6				
Julemesser	2	2	2	2				
Fagmøter/selskap	15	19	11	11				
Bryllup(av alle slag)	4	5	3	3				
Konfirmasjoner	4	2	3	2				
Samlingskvelder	50	50	51	54	60	60	60	60
Eldretreff	18	18	22	22	55	55	55	55
Konfirmantundervisning	10	11	8	10				
Ungdomslagsmøter	55	55	66	65	81	81	70	57
Mannsmøte NMS	17	17	17	17	8	8	8	8
Valg	1	1	1	0				
Open Barnehage	65	72	78	77	20-60	20-60	20-60	20-60
SUM	403	407	414	419				

Ang Søndags småmøter og nattverdmøter: a) inkl hhv 17 og 10, b): inkl hhv 12 og 11, c): inkl 17 og 11, d):inkl 15 og 11

Grå merket: ikke sjekket , antatt likt som året før

I tillegg kommer de som har hatt huset gratis

	Møter:				Medlemmer:			
	2005	2006	2007	2008	2005	2006	2007	2008
NMS guttelaget	10	10	10	0	10	10	10	0
Tennpluggen a)	1	1	1	1	22	22	22	22
Homlebolet *)	35	35	36	37	110	110	90	90
NLM Veslegreina b)	21	21	7	0	20	20	20	0
Søndagsskolen	27	27	42	27	60	60	72	75
KFUM Speideren	40	40	22	22	22	22	20	20
KFUM R/R-laget	40	40	22	22	6	6	5	5
FRES (fredagssamling)	16	16	15	13	80	80	155	150
Ungdomskoret	31	--	35	30	20	20	20	24
Yngreskoret	31	31	38	38	26	26	26	26
Minikoret	30	30	37	37	100	100	64	64
Hananja	20	20	25	17	30	30	30	30
Lovsanggruppe	25	31	0	13	6	6	0	17
Bønnegruppe mandager	--	26	22	23				
Eldrefest (middag fra 2002)	1	1						
Husstyret	9	8	8	7	9	9	9	9
Spiren (3. og 4. kl.)	15	15	15	15	115	115	126	126
Musikklaget	16	16	16	16	18	18	18	18
SUM	377	377	364	318	654	654	687	686

I 2008 var der **318** gratisarrangement med til sammen **686** medlemmer/deltakere.

Totalt var der **737** tilstelninger, mot **778** året før.

*) Homlebolet, antall barn er oppgitt, mødre kommer i tillegg

a) Tennpluggen: Samlinger stort sett ute ifra 1998, ca 20 pr. år. Bare de på huset er telt med.

b) Veslegreina avsluttet mai 2007.

Tur til Israel 1. – 12. oktober 2009.

Under turen vil vi opphalda oss nokre dagar i Galilea, rundt Genesaretsjøen og vandra i Jesu fotspor der før vi dreg sørover Jordandalen og vidare til Eilat. Vi tek ein dagstur over til Jordan og får sjå Petra. Dei som ynskjer kan vera med på ein tur over til Egypt og sjå på soloppgangen på Sinai fjellet, før vi set kursen nordover mot Jerusalem. Det vert tid til eit bad i Dødehavet. Når vi er i Jerusalem tek vi med eit dagsbesøk i Betlehem.



Brit Jane Varhaug
Einervegen 3
Tlf.: 51430757



Detaljert program er under utarbeiding, og interesserte kan ta kontakt med Borgny eller Per Åge Skretting.

VARHAUG *hud- og fotterapi* v/Heidi Dubland Bø

Hudpleie • Fotterapi • Hårfjerning •
Vortebehandling
Farge vippe/bryn • AHA/Fruktsyrebehandling

Tlf. 51 43 13 69 • Stasjonsv. 20, 4360 Varhaug
(2. etg. SR-bank)



SPAR VARHAUG

Tlf. 51 43 01 36 - Fax. 51 43 00 19
E-post: spar.varhaug@ngbutikk.net

Opningstider 08.30 - 20.00 (18.00)

- Post i butikk -



Varhaug Servicenter AS 4360 Varhaug Tlf: 51 43 02 33

Her utføres smøring og vask
Vi har bilrekvisita, kiosk, videoutleie, musikk
og DVD salg
Hamburger, biffsnadder, løvbiff og pølser

T. SKRETTING MASKINSTASJON Dysjalsandsvegen, 4360 Varhaug

Trond Skretting
mob. 906 80 143
mob. 975 54 680
trond@tskretting.no

www.tskretting.no



Regnskapsfirmaet på Jæren
post@jarok.no - tlf. 51 48 22 66
Pb. 210, 4349 BRYNE



Et selskap i KlientRegnskap-kjeden

www.jarok.no NARF

SHALOMTUR TIL

Sabra Fokus Reiser og Den Norske Israelsmisjon arrangerte turen. Vi var 36 deltakarar og 2 leiarar som reiste frå Sola med direktefly til Tel Aviv. I alt var det 11 personar frå Varhaug. Vi reiste heile natta og etter ein god frukost samlast vi i Immanuelkyrkja. Presten i kyrkja fortalde entusiastisk og oppglødd om arbeidet som vart drive der. Vi hadde sightseeing gjennom gamle Jaffa by og var samla utanfor huset til Simon garvaren.



Utanfor Simon garvaren

Det var her i Joppe Peter bøygde kne og ba for Tabita som var død. Ho slo opp augo og sette seg opp då ho såg Peter. Mange kom til tru på Herren då dette vart kjent i Joppe. Frå Simon sitt hus vart Peter òg henta til hovedsmannen Kornelius. (Apgj. 9,36). Vi las mykje frå Bibelen på turen, for dei stadane vi vitja, der hadde Jesus gått ikring og forkynt evangeliet og gjort vel. Det var òg flott å stå på Karmelfjellet og sjå der profeten Elias kjempa mot Baalsprofetane og Gud sende regn for på den måten å syna at Herren er Gud. Ved Genesaretsjøen budde vi på ein fin kibbutz, Ein Gev. Der fekk vi god mat, bada i sjøen og hadde det fint på alle måtar. Ein sabbatskveld hadde vi leirbål ved stranda. Vi hadde båttur over Genesaretsjøen. Garnet vart kasta i sjøen men vi fekk ikkje fisk. Frå Genesaretsjøen køyrde vi nordover og kom til Cæsarea Filippi, i dag kalla Banjas. Der gjekk vi på tur nedover langs ei av kjeldene til Jordanelva og kom til eit av dei få fossefalla



På Karmelfjellet

i Israel. Det var her i Cæsarea Filippi at Jesus spurde læresveinane: "Kven seier folk at Menneskesonen er?". Peter kom med den store vedkjenninga: "Du er Messias, den levande Guds Son". Bussturen gjekk vidare til grenseområda til Libanon og Syria, og vi køyrde på Golanhøgda. Vi besøkte òg staden der Jesus heldt Bergpreika (Matt. 5,1ff) og der brønderet hende. Her var det òg Jesus kalla læresveinane til å fylgja han (Matt 4,18) og


her møtte Jesus dei etter oppstoda frå dei døde.

Nasaret var ein liten landsby då Jesus vaks opp. Vi besøkte Midtaustens største kyrkje, Bebudelseskyrkja, og Nasaret Village.

I Jerusalem var det mange sterke opplevingar m.a. besøket i Holocaustmuseet Yad Vashem. Det er eit sterkt minnesmerke om ei vond og grufull historie frå andre verdskrig.

Frå Oljeberget hadde vi god utsikt mot Jerusalem. Det var frå

ISRAEL Rundreise 1.-11.oktober 2008



Tor Jarle, Lillian og Borge
ved Tårekirkja

Oljeberget Jesus før opp til himmelen. (Apgj. 1, 2-12). Før Jesus vart teken opp til himmelen veit vi at han måtte gå gjennom

mykje liding og smerte. Han rei inn i Jerusalem på eit esel. Han gjekk til Getsemane



Getsemanehagen.
Marta, Aslaug og Asbjørn

og vi var inne i hagen der Jesus kjempa ein hard kamp og bad om at Guds vilje måtte skje. Her vart han sviken og gjeven i syndarhender. Vi var på heilag grunn. I Getsemane var vi òg inne i "alle nasjoners kyrkje". Vi vitja den tome grava der dei trur Jesus var gravlagt. På eit




stort skilt stod det: "He is not here – for he is risen".

Vi var òg ved Klagemuren, den mest heilage staden for jødane, vidare til Burnt house, Warren shaft, den kanaanittiske tunnel eller Hiskiatunnellen og vidare til Siloadammen.

Vi drog sørover mot Dødehavet og gjennom Negev-ørkenen. I Dødehavet bada vi og det var ei "flytande" oppleving.

"He is not here – for he is risen"



Gerd inne i den
kanaanittiske tunnel

Turen opp til Masada, ein fjellfestning som var gravd ut etter 1967, var svært interessant.

Då vi kom til Eilat var det ganske stille der pga høgtida Yom Kippur. Alle butikkar var stengde og det var ikkje trafikk i gatene. Vi bada og hadde det fint, og då Yom Kippur-feiringa var over om kvelden, var det liv og røre.

På veg til flyplassen var vi innom Ben Gurion sin gravplass. Vi var på konsert i Jerusalem og der hadde vi òg besøk av representantar for Israelsmisjonen sitt studiesenter, Caspari Center.

Vi hadde eigen buss, dyktige sjåførar, flink svensk guide og svært gode reiseleiarar. Dei hadde førebudd turen godt. Vi opplevde mykje meir enn det som er nemnt her. Du vil sjølv få mange gode opplevingar om du tek ein tur til Israel.

Reiseleiarar var Borgny Ånestad Skretting og Per Åge Skretting.

Shalom frå Marta Bøe



God mat og prat med kjentfolk er ein viktig ingrediens under julemessene



Anton I. Ueland passar på at alle får nok kaffi



Ingvar Reime held roen i kaoset mens han sel årer



Sal av lodd

Borda fylte med flotte varer

Grimt frå julemesse og Vi synger jula inn 2008



Hananja



Korpset



Ungdomskoret



Yngreskoret



Musikklaget



Minikoret

FASTE SAMLINGAR:

HOMLEBØLET	For barn 0-6 år i fylgje med vaksen. Tysdagar kl 10.00- 12.00 (ikkje i skuleferie)
ÅPEN BARNEHAGE	Måndag og Torsdag kl 09.00-13.00 (ikkje i skuleferie)
SPEIDAREN	Onsdager kl 19.00-21.00
ROVER	Måndagar kl 19.00-21.00
ÅPENT HUS	For ungdom frå 8. klasse og oppover. Fredagar frå kl 20.00-23.30
SPIREN	Torsdag kl 16.30- 18.00, oddetalsveker. For jenter og gutar 3-5. klasse
TENNPLUGGEN	Torsdag i oddetalsveker. Motormekking og crosssykling. kl 19.00
VI OVER 60	1. og 3. Onsdag i mnd, kl 14.00- 16.00
NMS MANNSFORENING	Tysdag i partalsveker, kl 19.00- 21.00
SUNDAGSSKULEN	Kvar Sundag kl 10.30- 11.00 (ikkje når det er familiegudsteneste.
FRES, ten- opplegg	Fredag i oddetalsveker, kl 19.00- 20.45. For alle som går 5 til 8. klasse
UNGDOMSLAGET	For ungdom frå 8. klasse og oppover. Samling på Laurdagar kl 20.00
BØNESAMLING	Måndagar i partalsveker, kl 20.00, for alle

SANG OG MUSIKK:

Minikor	Øving kvar Måndag kl 17.15- 17.50
Yngreskoret	Øving kvar Måndag kl 18.00- 18.45
Hananja	Øving Onsdag i oddetalsveker kl 20.00
Musikklaget	Øving Tysdag i partalsveker kl 20.00
Ungdomskoret	Øving kvar Tysdag kl 19.00
Lovsangsgrupper	Øving Torsdagar kl 19.00

ANDRE SAMLINGAR 2009: SMÅMØTER PÅ SUNDAGAR DER DET IKKJE ER ANDRE MØTER.
(begynner 19.30). NATTVERDMØTE: 9/4, 13/5, 10/6, 12/8, 9/9, 7/10, 11/11, 2/12

April

- 1-5 Offerveke Normisjon
- 10 Langfredagsmøte IMF
- 13 Påskedagsmøte NLM
- 16 Gutelagsbasar NMS
- 20 LIS Bibel
- 21 Konfirmanfest
- 24 Peru-kveld NLM

Mai

- 1 1 Mai møte Normisjon
- 11 LIS Bibel
- 17 17 Mai Fest
- 22 Konsert, IMPULS
- 24 NLM Fokus

Juni

- 1 2. pinsedagsmøte Israelsmisjonen

August

- 19 Basar Håland Yngre Santal
- 21-22 Bedehuskonferanse NLM/IMF

September

- 4 Basar NLM kvinneforening
- 8-13 Basarveke IMF
- 16-27 Fellesmøter i kyrkja

Oktober

- 2 Basar NMS kvinneforening
- 9 Misjonshusbasar
- 11 NLM Fokus
- 14-18 Møteveke Normisjon
- 21-25 Møteveke Lekmannsmisjonen
- 26 Jubileumsfest Minikoret
- 28-1 Møteveke m/allehelgensfest

November

- 4-8 Møteveke Israelsmisjonen
- 13-14 Julemesse NLM
- 17-22 Møteveke IMF
- 27-28 Julemesse NMS

Desember

- 1-6 Møteveke Flymisjonen
- 7 Lagskveld NLM
- 13 Eldremiddag Vi over 60
- 13 Vi synger jula inn
- 26 2.dagsfesten Normisjon/Ungdomslaget
- 27 Juletreffest Sundagsskulen
- 31 Nyttårsfest Ungdomslaget
- (NLM) Norsk Luthersk Misjonssamband,
- (NMS) Det Norske Misjonsselskap, (IMF)
- Indremisjonsforbundet, (Normisjon) Normisjon

VARHAUG MISJONSHUS


VAKTLISTE 2009 - 2010

<u>namn/tlf (varamann i parantes)</u>	<u>Vekenummer og dato</u>							
Gunhild Lobekk 51430322/95861391 (Martha Boe)	9 23/2	18 27/4	27 29/6	36 31/8	45 2/11	1 4/1	10 8/3	19 10/5
Sindre Varhaug 51435981/40401645 (Håkon Varhaug)	10 2/3	19 4/5	28 6/7	37 7/9	46 9/11	2 11/1	11 15/3	20 17/5
Per-Arvid Jakobsen 51430082 /92617652 (Tor Olav Varhaug)	11 9/3	20 11/5	29 13/7	38 14/9	47 16/11	3 18/1	12 22/3	21 24/5
Trygve Auestad 51430060/94811890 (Anne Synnøve Ånestad)	12 16/3	21 18/5	30 20/7	39 21/9	48 23/11	4 25/4	13 29/3	22 31/5
Thomas Vagle 970 76 726 (Lars Kristian Haaland)	13 23/3	22 25/5	31 27/7	40 28/9	49 30/11	5 1/2	14 5/4	23 7/6
Toralf Liene 51430487/95169466 (Karin Undheim)	14 30/3	23 2/6	32 3/8	41 5/10	50 7/12	6 8/2	15 12/4	24 14/6
Borgny Skretting 51430568 (Leif Nord-Varhaug)	15 6/4	24 9/6	33 10/8	42 12/10	51 14/12	7 15/2	16 19/4	25 21/6
Kjell Tjemsland 51430474/95774978 (Tommy T. Skretting)	16 13/4	25 15/6	34 17/8	43 19/10	52 21/12	8 22/2	17 26/4	26 28/6
Peter Vagle 51430376 /91805245 (Ståle Ånestad)	17 20/4	26 23/6	35 24/8	44 26/10	53 28/12	9 29/2	18 3/5	28 12/7

Til alle brukarar av huset.

Dersom du må ha hjelp til noko når du leiger Misjonshuset, kan du ta kontakt med den som har vakt. (Angitt dato er for mandagene)

Styret for Misjonshuset.



Fokus 2009

"Og størst av dei er
kjærleiken."

1. Kor. 13.13

❖ Guds kjærleik til oss og vår Kjærleik til Gud

❖ Mars og April

- Joh. 3.16 For så elska Gud verda at han gav Sonen sin,
den einborne, så kvar den som tur på han,
ikkje skal gå fortapt, men ha evig liv.
- Joh 21.15 Simon, son til Johannes,
elskar du meg meir enn desse?
- Matt 22.37 Du skal elska Herren din Gud av heile ditt hjarte
og av heile di sjel og av alt ditt vit.
1. Joh 5.3 Å elska Gud er å halda hans bod,
og hans bod er ikkje tunge.
- Joh 14.23 Den som elsker meg, held fast på ordet mitt.
Og den som elsker meg, skal Far min elska,
og vi skal koma og ta bustad hos han.
- 1 Joh 4.19 Vi elsker fordi han elska oss først.

❖ "Se hvor de elsker hverandre"

❖ Oktober, November og Desember

- Rom 12.10 Elsk kvarandre med inderleg syskenkjærleik;
set dei andre høgare enn dykk sjølv.
- Hebr 10.24 Og lat oss ha omtanke for kvarandre, så vi oppgløder
kvarandre til kjærleik og gode gjerningar.
- Joh 13.35 På det skal alle skjønna at de er mine disiplar:
at de har kjærleik til kvarandre.